

Arkivnr: 2019/11689-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		23.05.19

**Rekneskapsrapport pr. april 2019 – Samanslåingskostnader****Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 30.april 2019 for samanslåingskostnader for Vestland fylkeskommune til orientering.

**SAKSFRAMSTILLING****Bakgrunn for saka**

Fellesnemnda har tidlegare fastsett at det skal leggjast fram statusrapportar for kostnadane ved samanslåinga for Vestland fylkeskommune. Denne rapporten syner status pr. 1. tertial 2019.

**Budsjett 2019**

I sak 2019/338-1 vart budsjett for samanslåingskostnader for 2019 handsama i fellesnemnda. I denne saka vart det sett opp budsjettsummar på dei områda og for dei aktivitetane der ein har identifisert meirkostnader grunna samanslåingsprosessen. Det vart laga eit spesifisert budsjett med ei ramme på 46 mill. kr i 2019. I tillegg vart det sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr til uforutsette kostnader, slik at det totale budsjettet for 2019 vart på 53 mill. kr. Korleis denne budsjetttramma er finansiert gjennom statleg tilskot og midlar frå dei to fylka vart også gjort greie for. Budsjettsaka er vedlagt denne rekneskapsrapporten.

**Rekneskap pr. april 2019**

Tabellen under syner status for bruken av dei vedtekne budsjettmidlane til samanslåingsprosessen i 2019. Her kjem det fram at det er brukt 9,9 mill. kr pr. april 2019. Det utgjer 19 % av det totale budsjettet på 53 mill. kr. Forbruket er ein del lågare enn det påreknna skulle vore pr. april (33 %); dette dersom ein legg til grunn eit jamt forbruk gjennom 2019. Innanfor dei ulike områda det er sett av budsjettmidlar til, er det skilnader i høve til kor stor del av budsjettet som er brukt hittil i år. Det er to område der det allereie er brukt ein stor del av det budsjettet som er sett av. Desse to områda er konsulenttenester og nytt fylkesvåpen; her er det høvesvis brukt 80 % og 72 % av årsbudsjettet etter 1/3- del av året. For dei fleste andre områda er det brukt mindre pr. april enn det budsjett pr. april skulle tilseia.

Prosjekt	Budsjettområde	Forbruk 2019	Budsjett 2019	Restsum til disposisjon	Forbruk i % av budsjett
80100	Nytt fylkesvåpen	447 095	620 000	172 905	72 %
80101	Rekruttering prosj.lei./fylkråd.	395 557	1 569 000	1 173 443	25 %

80102	Kurs, saml., møter (pol)	406 313	1 950 000	1 543 687	21 %
80103	Kommunikasjonstiltak	7 920	1 049 000	1 041 080	1 %
80104	Konsulenttenester	3 125 040	3 920 000	794 960	80 %
80105	Prosjektlear	883 464	2 583 000	1 699 536	34 %
80106	IKT- system/ mod. og innkjøp	4 165 836	28 077 000	25 761 164	15 %
80107	Politisk verksemd/ partistøtte	502 500	1 732 000	1 229 500	29 %
80108	Andre tiltak	0	4 500 000	4 500 000	0 %
80109	Budsjettreserve	0	7 000 000	7 000 000	0 %
<b>Alle</b>	<b>Totalt</b>	<b>9 933 725</b>	<b>53 000 000</b>	<b>44 916 275</b>	<b>19 %</b>

### Prognose

Forventninga pr. april er at takten i forbruket vil auka på nokre av budsjettområda utover i 2019. Den samla prognosen er likevel at det ikkje skal verta eit meirforbruk samla sett.

Det viktigaste området for prognosen gjeld modifisering og innkjøp av IKT- system, og her er det sett av 28,1 mill. kr. Sjølv om det er brukt relativt sett mindre enn disponibelt budsjett pr. april, så er forventninga at ein stor del av midlane til IKT-system vil verta brukt opp i 2019. Det som kan nemnast særskilt som ein usikker faktor er dei kostnadane innanfor IKT-system som vil koma ved overføring av SAMS-vegadministrasjon. Når det gjeld konsulenttenester så er det allereie no klart at avsette budsjettmidlar ikkje vil dekke forbruket på dette området. Det er att berre knapt 0,8 mill. kr av eit budsjett på 3,92 mill. kr for heile året. Det er å merka seg at det er set i verk tiltak når det gjeld forbruket på dette budsjettområdet. Prosessen kring nytt fylkesvåpen har kome langt, men for dette budsjettområde kan det også verta ei overskriding. For sistnemnde område vil overskridinga verta relativt liten dersom ein ser den opp mot det totale forbruket av samanslåingskostnadar. Prosjektlear vil peike på kostnadane hausten 2019 som dreier seg om auka politiske verksemd. Det skal konstituerast eit nytt fylkesting, samstundes som det skal gjennomførast mange politiske møte i andre folkevalde organ. Delar av denne aktiviteten må finansierast over midlane til eingangskostnadar. I haust vil det også verta behov for å gå ut med informasjon i samband med kommune- og fylkestingsvalet; samt meir generell informasjon kring etableringa av det nye fylket frå årsskiftet. Prosjektlear kjem nærare tilbake til desse momenta ved neste rapportering.

### Oppsummering

Det er ført 9,9 mill. kr i rekneskapan for meirkostnadar til samanslåinga av Vestland fylkeskommune. Prosjektlear er nøgd med at prognosen pr. april tilseier at det samla forbruket av midlar til samanslåinga vil halda seg innanfor det vedteke budsjettet for 2019 på 53 mil. kr. Den resterande delen av 2019 vil det vera stram styring i høve til budsjetttrammene for dei ulike områda og tiltaka. Eit meirforbruk på eit område, eksempelvis på område for konsulenttenester, vil ein freista å balansera ved å styre mot eit budsjettmessig mindreforbruk på eit anna område. Førebels er det ikkje sannsynleg med ei samla overskriding som gjer at det vert naudsynt å gjere bruk av den avsette budsjettreserven på 7 mill. kr.

Ein kjem attende til ein meir utførleg prognose for samanslåingskostnadane totalt, og på dei ulike områda, ved rapportering pr. 2. tertial.